



# DET KONGELEGE LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Statsråden

Ordførarar i alle kommunar

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/685

02.06.2017

## Gylne Måltidsaugeblikk 2017

Måltid skal vere eit høgdepunkt. Målet med Gylne måltidsaugeblikk i år er å skape meir engasjement rundt middagsløysingane for å sikre dei heimebuande gode måltid, anten dei et heime eller saman med andre. Måltids glede er viktig og skal mellom anna skapast gjennom involvering av bebuarane og deira pårørande, samt bruk av lokale råvarer.

I 2017 handlar Gylne Måltidsaugeblikk om å finne fram til det mangfald av løysingar som finst for å tilby heimebuande eldre middag. Det kan være mat som blir levert varm eller til oppvarming heime, eller det kan være gode ordningar for å hente dei heimebuande heime og servere middagsmat felles.

Eg oppmodar deg som ordførar til å sette matomsorg for eldre på dagorden i kommunestyret. Vi bed også om hjelp til å finne fram til dei gode eksempla som vi kan dra vekslar på nasjonalt, mellom anna ved å oppmode institusjonane til å delta i konkurransen.

Alle som kjenner til tilbod som dei er tilfredse med, kan også tipse oss om løysingane. Tips sendast til [GM2017@lmd.dep.no](mailto:GM2017@lmd.dep.no).

Alle kommunar vil få tilsendt informasjon om konkurransen samt nettlénke til eit spørjeskjema frå Forbrukarrådet, som Landbruks- og matdepartementet samarbeider med. Det vil vere nokre enkle spørsmål om mellom anna maten som blir servert, menyval og pris med vidare. I tillegg vil alle ansvarlege for dei ordningane det blir tipsa om, få muligheit til å svare på dei same spørsmåla.

Informasjon om Gylne Måltidsaugeblikk vil mellom anna vere tilgjengeleg på nettsidene til Landbruks- og matdepartementet og Forbrukarrådet.

Konkurransen varer fram til 15. juli. Vinnaren vil bli kåra i august og vil få ein premie.

Med helsing



Jon Georg Dale